

**Fra:** [Stig Flåskjer](#)  
**Til:** [Postmottak Unit](#)  
**Kopi:** [Høgskulen i Volda](#)  
**Emne:** Digitaliseringsstrategi  
**Dato:** mandag 11. mai 2020 12:40:08  
**Vedlegg:** [image001.jpg](#)

---

Hei,

Høgskulen i Volda har hatt denne saka oppe og einaste innspelet vi har fått er i frå biblioteket. Under følger innspel til digitaliseringsstrategi frå biblioteket.


#### Innspel frå biblioteket til digitaliseringsstrategien

Vi opplever at det er eit behov for å vidareutvikle eit samarbeid i UH- sektoren, eit samarbeid som omfattar alle UH- institusjonar. BOTT, som har store ressursar tilgjengeleg, har i dag eit tett samarbeid. Dette er uheldig og krevjande for mindre institusjonar fordi dei kjem seinare med i digital utvikling.

Digitale informasjonskjelder bør vere likt tilgjengeleg for studentar ved alle offentlege UH- institusjonar for å sikre god utdanningskvalitet uansett kvar dei studerer. UNIT bør forhandle fleire nasjonale avtaler, også andre typar avtaler enn dei som UNIT forhandlar i dag. UNIT bør ivareta Helsebibliotekets funksjon og sørge for nasjonale lisensar som kjem fleire sektorar til gode, ikkje berre UH-sektoren. Alternativt vil kostnadane bli flytta ut i institusjonane, noko som i realiteten har skjedd dei siste åra.

Tilgangen til forskningslitteratur er forskjellig i dei ulike utdanningsinstitusjonane. Med open tilgang utjamnar ein desse forskjellane, og studentar og tilsette ved dei ulike institusjonane vert i større grad sikra lik kvalitet på utdanning og forskning.

Med vennleg helsing  
Stig Flåskjer  
IT-sjef



Tlf: 70 07 51 67 | 90 82 61 98

E-post : [stig.flaskjer@hivolda.no](mailto:stig.flaskjer@hivolda.no)